



MØTEPROTOKOLL

Utval: Valstyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Ulstein rådhus
Dato: 27.11.2018
Tid: 16:20–16:40

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Knut Erik Engh	Ordfører	FRP
Steinar Torvik	Varaordfører	KRF
Pål Grødahl	Medlem	V
Lisa Mari Breivik Anderson	Medlem	SP
Tor Meinseth	Medlem	H
Knut Kleiven	Medlem	H
Renathe Rossi-Kaldhol	Medlem	AP

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Verner Larsen	Assisterande rådmann
Svein Arne Orvik	Leiar i avd. for demokrati og kommunikasjon

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
PS 18/5	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 18/6	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 18/7	MELDINGSSAKER	
PS 18/8	HØYRING OM FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I VALFORSKRIFTA	2018/17

Ulsteinvik, 27.11.2018

Knut Erik Engh
leiar

Svein Arne Orvik
møtesekretær

PS 18/5 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak i valstyret 27.11.2018:

Innkallinga og saklista vert godkjende.

PS 18/6 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedtak i valstyret 27.11.2018:

Protokollen frå møtet 11.9.2018 vert godkjent.

PS 18/7 MELDINGSSAKER

Vedtak i valstyret 27.11.2018:

[ingen saker]

PS 18/8 HØYRING OM FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I VALFORSKRIFTA

Vedtak i valstyret 27.11.2018:

Ulstein valstyre gir denne høyringsfråsegna i saka:

- Ulstein kommune støttar ikkje dei føreslåtte endringane i § 37a i valforskrifta.
- Kommunen sluttar seg heilt og fullt til at ei korrekt og tillitvekkande valgjenomføring er avgjerande for demokratiet. Dei nasjonale valstyresmaktene må derfor sørge for at det elektroniske valadministrative systemet, inkludert skannemodulen, er sikkert.
- Kommunen er kritisk til at det vert føreslått å gjere 2017-ordninga (obligatorisk manuell førebels teljing) permanent utan at høyringsnotatet gjer greie for om 2017-ordninga hadde noko å seie for tryggleiken i valgjenomføringa.
- Forslaget strir mot allmenne mål for digitalisering i offentleg sektor. Kommunar som har investert i skanneutstyr og -programvare, vil i praksis (pga. sannsynlege manuelle teljefeil) bli pålagde ei ny, tredje oppteljing og får ei meir tid- og ressurskrevjande valgjenomføring enn andre kommunar. Grunnen er forslaget om å krevje ei ekstra endeleg teljing – med ny bemanning – ved avvik mellom manuell førebels teljing og skanna endeleg teljing – medan det ikkje vert kravd ny endeleg teljing ved avvik mellom manuell førebels teljing og manuell endeleg teljing.
- Det er ikkje logisk at høyringsnotatet presiserer «Med manuell opptelling menes at opptellingen skjer for hånd uten bruk av maskiner». Om ein fryktar for tryggleiken ved *skannemodulen*, må det i ei eventuell manuell, førebels oppteljing vere uproblematisk å bruke ein rein *teljefunksjon* på ei maskin – etter at bunkane med stemmesetlar er korrekt *sorterte for hand* etter parti (av valfunksjonærane).

Handsaming:

Tilråding frå rådmannen:

Ulstein valstyre gir denne høyringsfråsegna i saka:

- Ulstein kommune støttar ikkje dei føreslåtte endringane i § 37a i valforskrifta.
- Kommunen sluttar seg heilt og fullt til at ei korrekt og tillitvekkande valgjenomføring er avgjerande for demokratiet. Dei nasjonale valstyresmaktene må derfor sørge for at det elektroniske valadministrative systemet, inkludert skannemodulen, er sikkert.
- Kommunen er kritisk til at det vert føreslått å gjere 2017-ordninga (obligatorisk manuell førebels teljing) permanent utan at høyringsnotatet gjer greie for om 2017-ordninga hadde noko å seie for tryggleiken i valgjenomføringa.
- Forslaget strir mot allmenne mål for digitalisering i offentleg sektor. Kommunar som har investert i skanneutstyr og -programvare, vil i praksis (pga. sannsynlege manuelle teljefeil) bli pålagde ei ny, tredje oppteljing og får ei meir tid- og ressurskrevjande valgjenomføring enn andre kommunar. Grunnen er forslaget om å krevje ei ekstra endeleg teljing – med ny bemanning – ved avvik mellom manuell førebels teljing og

skanna endeleg teljing – medan det ikkje vert kravd ny endeleg teljing ved avvik mellom manuell førebels teljing og manuell endeleg teljing.

- Det er ikkje logisk at høyringsnotatet presiserer «Med manuell opptelling menes at opptellinga skjer for hånd uten bruk av maskiner». Om ein fryktar for tryggleiken ved *skannemodulen*, må det i ei eventuell manuell, førebels oppteljing vere uproblematisk å bruke ein rein *teljefunksjon* på ei maskin – etter at bunkane med stemmesetlar er korrekt *sorterte for hand* etter parti (av valfunksjonærane).

Framlegg frå Pål Grødahl:

Ulstein valstyre gir denne høyringsfråsegna i saka:

- Ulstein kommune støttar dei føreslåtte endringane i § 37a i valforskrifta.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart sett opp mot framlegget frå Grødahl. Framlegget frå Grødahl fekk 1 røyst og fall. Tilrådinga frå rådmannen fekk 6 røyster og vart vedteken.